



Trio ved utstillingen: Marlin Saghaug Kjerpeseth, Malin Bakke Eik og Frida Nybakk

Dag nummer 3 i strandsoneprojektet gikk med til etterarbeid og utstilling på skulen og prosjektleiar og biologilærer Knut Jan Kaldestad ga uskedalen.no denne klare konklusjonen:

**-Elevene har vore kjempeflinke, fulle av engasjement også denne siste dagen.
Han lovar å komma att med eit tilsvarande prosjekt neste år ved denne og ein skule til - i Rosendal eller på Halsnøy.**



Det er mykje spennande å finna i strandsona. Dette er eit utsnitt av utstillingen.

- Også eg har lært mykje desse 3 dagane om korleis ein kan organisere

prosjektet på beste måten. Eg er jo vant til å undervise 17- og 18-åringar og det blir noko annleis enn å ha sjettem- og sjuandeklassingar som elevar, seier biologilæraren som ikkje minst er imponert over utstillingen på skulen.

Den inneheld eit tverrsnitt av livet i strandsona og rapportar frå 4 av gruppene som elevene var delt inn i. Det vart og teke prøver av salt, plankton og botnen, men det vart ikkje tid til å analysa fleire enn den første. Det går fram av ein av rapportane at saltgehalten var 31 prosent, men Kaldestad konstaterer at det var problematisk å få ei eksakt måling fordi det har kome så mykje ferskvatn i det siste.

Men sjølv om elevane fekk ros er det ikkje dermed sagt at aalt i prosjektet var midt i blinken for alle. Som eit kuriosum tek vi med frå ein av rapportane at dei hadde fått smaka på krabba og forsken dei var med og fanga. - Det var ikkje så godt, skreiv gruppa.

Så det blir kanskje trass i alt ikkje meir fisk til middag i Uskedalen etter prosjektet?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen